## Planar om veteranforening

31.10.2011

Mange veeranar var samla på Solheim Turiststasjon 8. mai i år (Foto: Magne Fitjar)

**Då Kvinnherad kommune arrangerte frigjeringsdagen 8. mai i år, vart òg alle veteranane som har delteke i ulike fredsoperasjonar i utlandet, inviterte til å delta i ei spesiell minnemarkering. Langt frå alle møtte, men ei registrering på HusnesNett både før og etter viste at rundt 100 personar har tenestegjort utanfor landet. No blir det teke initiativ til skiping i av ei forening for alle veteranar**

Asle Sund frå Husnes er ein av dei som har vist interesse for ein veteranforening.og han prøver no å få folk til å stilla opp på eit informasjonsmøte onsdag i denne veka. Innkallinga skjer per telefon.

Sund har sjølv tre periodar bak seg som FN-soldat i Libanon på slutten av 1970-talet, og meiner det absolutt er behov for ein forening.
I fjor var han og ein annan veteran to gonger til Odda der det vart gjort forsøk på å etablera ein veteranforening. Men initiativet stranda, og difor blir det no gjort eit forsøk her i kommunen,

Komande onsdag (2. november) kjem rådgjevar for styret i Norges Veteranforbund (NVIO), Bjørn Næss til Husnes forå fortelja om organisasjonen og kva han står for.
Sund håpar alle interesserte vil møta opp, og at det vil munna ut i ein veteranforening
Han meiner det er viktig at folk som har delteke i ulike internasjonale fredsoperasjonar, til dømes på Balkan, i Gaza,Libanon, Korea og Afganhistan, samlar seg
Han minner om at alle som har delteke i like operasjonar

kvar på sin måte ber dette vidare med seg i livet.
Nokon har òg gjerne vore oppe i vanskelege og traumatiske hendingar i tenesta, som detikkje alltid er like lett å snakka om i heimen eller på arbeidsplassen.
Då kan det vera bra å ha ein veteranforening å gå i, der vil det vera lettare å få utløp for det ein ber på

– Norge deltek den dag i dag i utanlandsoperasjonar, og mange soldatar vil truleg måtta slita med verknadene av tenesta lenge etter at dei er komne heim.
Då er det viktig å kunna samlast iein veteranforening og ha det kjekt og sosialt i lag, avsluttar Asle Sund.

**Informasjonsmøtet på Husnes onsdag 2.november skal vera på To Søstre i Storsenteret klokka 18.00.**

Av Kristian Hus, HusnesNett